

# PROSJEKT – KVALVÅGEN/SKAGANESET

## I. MÅL OG RAMME

### 1.1 Bakgrunn<sup>i</sup>

Sund kommune har gjennom arbeidet med kulturminneplan eit punkt i handlingsprogrammet at vi skal tilretteleggja for ei kulturminneløype til Skaganeset/Stekholmen og dokumentera kulturminna i området med illustrasjonar og infotavler. Den unike kvalfangshistoria vil vera ein viktig del i formidlinga. Det er utarbeidd ein prosjektspesifikasjon *Skaganeset og Kvalvågen – kulturminne og friluftsområde* som vil vera styrande for heile prosjektet.

Mandatet ligg i vedteken Kulturplan for Sund 2012-2022 under kapitlet *Kulturminne og kulturarv og Idrett og friluftsliv*.

- Kartleggja og registrera verneverdige kulturminne
- Skapa meir engasjement og interesse for kulturarven
- Digitalisera og marknadsføra fotosamlingar
- Skapa merksemd og utvikla kunnskap om kulturminna i samarbeid med Museum Vest og fylkeskommunen
- Ta vare på naturområde som er viktige for lokalt og regionalt friluftsliv.
- Ta vare på og vidareutvikla dei naturgjevne tilhøva for fysisk aktivitet for alle aldersgrupper.
- Samarbeida med frivillige lag og organisasjonar om styrking av folkehelsa.

### 1.2 Prosjekt mål<sup>ii</sup>

Hovudmålet er å ta vare på og å formidla kunnskap knytt til kulturminna rundt Kvalvågen, samt formidla historie når ein går i eit naturlandskap med mange kulturminne frå steinalderen. Kunnskap og gode opplevingar kombinert med fysisk aktivitet gir grunnlag for god folkehelse.

Prosjektet vil bli organisert som to delprosjekt som vil ha desse måla:

1. Utvikla og etablera ei turløype i eit naturlandskap med mange kulturminne. Rydding, merking og innhenting/planlegging av informasjon. Vurdera ulike formidlingsmåtar som ivaretar heilskapen i området.
2. Synleggjera og formidla steinalder- og kvalfangshistoria på Skaganeset og i Kvalvågen samt utvikla kulturminneløypa som ein attraksjon/reiselivsprodukt knytt til kulturminne i området.

I forprosjektet konsenterer vi oss om pkt 1. Det involverer signerte grunneigaravtalar og oppstart av planarbeidet med ein skjøtselsplan.

### 1.3 Ramme<sup>iii</sup>

Forprosjektet skal vera gjennomført i 2017. Riksantikvaren har løyvd kr 200.000 til forprosjektet. Rapportering skal skje innan 15.10.17. Søknadsfrist til hovudprosjektet er 1.november.

## 2. OMFANG OG AVGRENSING<sup>iv</sup>

Arbeidet starta ved nyttår med samtalar med ein grunneigar om kor stiane opprinneleg var. Mykje attgroing og rotvelte hindra turgåarar i området i å ferdast der. Saman med ein feltarbeidar i kultureininga som tar med seg brukarar frå psykiatritenesta og NAV to dagar i veka, starta ein opp med å rydda stiar. Det vart også vurdert kva område som kunne få universell utforming. Samtidig fekk vi to studentar frå AHKR (UiB) som hadde 200 timar praksis i Sund. Dei innheta informasjon og laga forslag til tekstar og lydfiler til framtidig formidlingsarbeid rundt steinalderbuplassar på Skaganeset. Det må jobbast vidare med alternative løysingar for tilkomst og parkering.

Når prosjektgruppe vert etablert 22.06.17 vil vi byggja på det arbeidet som er gjort første halvår. Med god hjelp av fylkeskommunen vil ein starta arbeidet med planlegging og utforming av ein skjøtselsplan. Skjøtselsplanen skal ferdigstillast i løpet av hovudprosjekperioden.

## 3. ORGANISERING

### 3.1 Prosjektleiing<sup>v</sup>

Prosjektansvarleg: Kommunalsjef Jon Erik Egeland  
Prosjektleiar: Kulturleiar Laila Klemetsaune

### 3.2 Andre roller<sup>vi</sup>

Styringsgruppa: Saksgruppe Næring og utvikling  
Prosjektgruppa:  
Fylkeskonservatoren: Solveig Lohne Rongved  
Grunneigarane: Edgar Bjorøy og Mikal Landro  
Kommunen: Anne Grethe Sangolt Hagenes (Areal), Britt Tove Fjeld Skaga (Kultur) og Kristin Sekkingstad (Rådmannen sin stab)  
Sund sogelag/kommunen: Gerhard Inge Storebø  
Sund turlag/kommunen: Helge Bjorøy

Samarbeid med Skogsvåg skule og frivillige lag i Skogsvågkrinsen.

## 4. VEDTAKSPUNKT, OPPFØLGING OG MILEPÆLAR

### 4.1 Vedtakspunkt<sup>vii</sup>

Kulturminneplanen med handlingsplan godkjend av kommunestyret i møte 23.05.17.

### 4.2 Oppfølging<sup>viii</sup>

Løypemeldingar og ressursmøte med SLN undervegs.  
Møteplan i prosjektgruppa: 22.06.17 - 31.08.17 - 05.10.17 og vidare etter avtale

### 4.3 Milepælar<sup>ix</sup>

04.05.17	Presentasjon av studentarbeidet i felt på Skaganeset
04.05.17	Mottatt tilsegn av BARK-midler til prosjektet
22.06.17	Etablering av prosjektgruppe
27.09.17	Løypemelding til SNU og godkjenning av prosjektplanen (PLP)
15.10.17	Rapporteringsfrist på forprosjektet
01.11.17	Søknadsfrist på nye BARK-midler til fylkeskonservatoren
22.11.17	Rapport til SNU

## 5. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING

### 5.1 Kritiske suksessfaktorar<sup>x</sup>

Tid og kapasitet er ein kritisk faktor i ein travel kvardag med mange andre oppgåver. Medverknad av frivillige, skulen og nabolaget er avgjerande for at innbyggjarane får eigarskap i prosjektet og fattar interesse for kulturminneløypa. Kapasitet til å gjera feltarbeid er vesentleg i prosjektet.

### 5.2 Kvalitetssikring<sup>xi</sup>

Jamnlege møte i prosjektgruppa med forpliktande arbeid mellom møta er viktig for framdrifta. Involvering av samarbeidspartnarar og frivillige vil vera med på å nå måla. Prosjektansvarleg og styringsgruppa sørgjer for oppfølging og kontroll.

## 6. GJENNOMFØRING

### 6.1 Hovudaktiviteter<sup>xii</sup>

- Arbeid ute i felt
  - Kartlegging av stiar etter synfaringar
  - Klipping og merking av stiar
  - Laga ein skiltplan
  - Synfaring for beste utkikkspunkt og rydding av område ved steinalderfunna
  - Vurdera moglege strekk for universell utforming
- Grunneigaravtalar
  - Inngå avtaler med aktuelle grunneigarar
- Innhenting av informasjon
  - Litteratur/kart/foto/intervju og studentrapportar
  - Innmåling av steinalderlokalitetar
- Skjøtselsplan
  - Starta planleggingsarbeidet med skjøtselsplan
- Ny søknad om BARK-midler innan 01.11.17

### 6.2 Tids- og ressursplaner<sup>xiii</sup>

Forprosjektet skal vera ferdig i løpet av 2017. Hovudprosjektet vil starta i 2018 og planlagt ferdig i 2019.

## 7. ØKONOMI<sup>xiv</sup>

### Budsjett

Løn prosjektmedarbeidar	kr 230.000
Turskilt + dugnad	kr 80.000
Teljeapparat + dugnad	kr 10.000
Lay-out	kr 30.000
Administrasjon	kr 50.000
Materialkostnader	kr 10.000
Studentarbeid tekst/lydfiler m.m.	kr 120.000
<b>Sum</b>	<b>kr 530.000</b>

### Finansiering

BARK-midler	kr 200.000
Kulturvernmidlar frå kommunen	kr 40.000
Eigeninnsats administrasjon 83 t à kr 600	kr 50.000
Eigeninnsats lay-out	kr 30.000
Prosjektmidlar teljeapparat frå fylkeskommunen	kr 5.000
Dugnad teljeapparat 17t à kr 300	kr 5.000
Skiltmidlar	kr 40.000
Dugnad rydding 132 t à kr 300	kr 40.000
Studentinnsats 200 t x 2 à kr 300	kr 120.000
<b>Sum</b>	<b>kr 530.000</b>

## 8. KONTRAKTAR OG AVTALAR<sup>xv</sup>

Grunneigaravtalar og avtalar med fylkeskommunen vert arbeidd med.